







1	Kva for eit band høyrer vi her med hiten sin «Feel it still» frå 2017? Bandnamnet inneheld namnet på eit land.	
2	Kva for ein svensk filmfotograf har vunne to Oscar-prisar, begge gonger for filmar regisserte av Ingmar Bergman?	
3	Kva er det norske namnet på gnagaren <i>Arvicola amphibius</i> , lokalt også kalla jordrotte og vassrotte.	
4	Kva heiter området som FN reknar som ein del av Aserbajdsjan, medan 99 % av befolkninga på om lag 150 000 er etniske armenarar? Det har vore konflikhtar rundt området i generasjonar, men sidan 1994 har det vore våpenkvile mellom Aserbajdsjan og Armenia.	
5	I kva for eit slag døydde Erling Skakke i 1179?	
6	Med eit ord på K , kva kallar vi livmorsamantrekningar under svangerskapet som ikkje skjer i samband med fødsel, også kalla «falske rier». Desse kan vere plagsame for somme, medan andre knapt merkar dei.	
7	Kva for ein fransk kunstnar har måla dette biletet, <i>La Guitare</i> (1909)? Saman med Picasso var han ein av grunnleggjarane av kubismen.	
8	Med eit fransk ord , kva kallar vi mat, til dømes andelår, som vert steikt ved låg temperatur i fett over lang tid?	
9	Kva heiter denne bilen (produsent og modell) som var den nest mest selde i Noreg i 2017, eit godt stykke bak VW Golf, men rett framfor Toyota Rav4.	

<p>10</p>	<p>Kva heiter denne lillakledde heksa som debuterte i Disney-fortellingen «Sverdet i stenen» i 1938, seinare filmatisert i 1963?</p>	
<p>11</p>	<p>Kva for ein kjent, norsk song ser vi notane til her?</p>	
<p>12</p>	<p>Kva for ein bokstav vert nytta om det inste atomskalet, som har plass til to elektron?</p>	
<p>13</p>	<p>Kva kallar vi med eit felles namn profesjonelle lærarar i antikken som reiste rundt og underviste i bl. a. retorikk mot betaling? Dei har seinare blitt berykta for å verke nedbrytande på samfunnet, sidan dei var opptekne av retoriske grep og å plukke ting frå kvarandre, heller enn å bygge opp og vere samlande.</p>	
<p>14</p>	<p>Kva er fornamnet til Muhammeds yngste dotter, som mange meiner er den einaste av borna hans som fekk eigne born. Namnet hennar er eit populært jentenamn i muslimske land.</p>	
<p>15</p>	<p>Tidlegare banksjef i Noregs Bank, Svein Gjedrem, spelte for to norske fotballklubbar på høgste nivå (den gongen heitte det 1. divisjon). Nemn éin av dei.</p>	
<p>16</p>	<p>Kven er dei amerikanske statane North og South Carolina oppkalla etter?</p>	
<p>17</p>	<p>Kva kalla dei den gamle straffemetoden, oftast brukt i det militære, der den dømte måtte springe eller gå sakte med bar rygg mellom to rekkjer av håande soldatar som piska og stakk den dømte med kvistar eller spyd?</p>	

18	Med samme namn som eit musikkinstrument, kva kallar vi denne kjokkenreiskapen , som typisk vert brukt til å kutte grønnsaker i skiver eller stavar?	
19	Kven har sidan 2017 vore FN's generalsekretær?	
20	Mario fra Super Mario Bros dukka først opp i eit anna spel, der han vart kalla Jumpman. Kva for eit spel ?	
21	Den norske konstruktøren Jan Hermann Linge har hatt to båttypar som klassebåtar i OL. Nemn éin av desse klassane.	
22	Rosetta-steinen gjorde oss i stand til å tyde hieroglyfar fordi det stod den samme teksten på tre språk på steinen. I tillegg til hieroglyfane, stod teksten på gresk og kva for eit tredje språk ?	
23	Kva er nettaliaset til svensken Felix Arvid Ulf Kjellberg, som er videospelkommentator på Youtube? Han er ein av dei mest populære youtubarane i verda, med over 50 millionar abonnentar. I 2017 vart han (urettvist, meiner mange) skulda for antisemittisme og mista verdifulle kontraktar.	
24	I 2001 vart kong Birendra og sju andre av kongefamilien drepne av kronprins Dipendra under ein familiemiddag. I kva land ?	
25	Kva heiter rollefiguren spelt av Steve Coogan som vi har møtt som tv- og radiovert i over tjuufem år? Han er kanskje mest kjent som vert for programma <i>Knowing me, knowing you</i> og <i>Mid morning matters</i> .	